

## KOMMISJONSFORORDNING (EF) nr. 920/2007

2012/EØS/5/31

av 1. august 2007

**om endring av forordning (EF) nr. 930/2000 om fastsetjing av gjennomføringsreglar med omsyn til kor eigna sortsnamna til jordbruksvekstrar og grønsaker er(\*)**

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA  
HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske  
felleskapet,

med tilvising til rådsdirektiv 2002/53/EF av 13. juni 2002 om  
den felles sortsliste for jordbruksvekster<sup>(1)</sup>, særleg artikkel 9  
nr. 6,

med tilvising til rådsdirektiv 2002/55/EF av 13. juni 2002 om  
markedsføring av grønnsakfrø<sup>(2)</sup>, særleg artikkel 9 nr. 6, og

ut frå desse synsmåtane:

1) I direktiv 2002/53/EF og 2002/55/EF er det fastsett  
allmenne reglar med omsyn til kor eigna sortsnamna  
er, ved ei tilvising til artikkel 63 i rådsforordning (EF)  
nr. 2100/94 av 27. juli 1994 om EF-planteforedlerrett<sup>(3)</sup>.

2) I kommisjonsforordning (EF) nr. 930/2000 av 4. mai 2000  
om fastsetjing av gjennomføringsreglar med omsyn til  
kor eigna sortsnamna til planteartar til jordbruksfremål  
og grønsakartar er<sup>(4)</sup> er det fastsett nærmare reglar for  
bruken av visse kriterium som er fastsette ved artikkel 63  
i forordning (EF) nr. 2100/94, særleg når det gjeld  
hindringar for fastsetjinga av eit sortsnamn.

(\*) Denne fellesskapsrettsakten, kunnjort i EUT L 201 av 2.8.2007, s. 3, er  
omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 153/2007 av 7. desember 2007  
om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantesanitære  
forhold), se EØS-tillegget til Den europeiske unions tidende nr. 26,  
8.5.2008, s. 12.

<sup>(1)</sup> TEF L 193 av 20.7.2002, s. 1. Direktivet sist endra ved europaparlaments-  
og rådsforordning (EF) nr. 1829/2003 (TEU L 268 av 18.10.2003, s. 1).

<sup>(2)</sup> TEF L 193 av 20.7.2002, s. 33. Direktivet sist endra ved kommisjonsdirektiv  
2006/124/EF (TEU L 339 av 6.12.2006, s. 12).

<sup>(3)</sup> TEF L 227 av 1.9.1994, s. 1. Forordninga sist endra ved forordning (EF) nr.  
873/2004 (TEU L 162 av 30.4.2004, s. 38).

<sup>(4)</sup> TEF L 108 av 5.5.2000, s. 3. Forordninga endra ved forordning (EF) nr.  
1831/2004 (TEU L 321 av 22.10.2004, s. 29).

3) Etter at forordning (EF) nr. 930/2000 vart vedteken, har  
definisjonen av termen «nærskyld art», som er nytta av  
Den internasjonale unionen for vern av nye plantesortar,  
utvikla seg. Dei nærmare reglane som er fastsette ved  
forordning (EF) nr. 930/2000, bør difor ajourførast.

4) Forordning (EF) nr. 930/2000 bør difor endrast.

5) Dei tiltaka som er fastsette i denne forordninga, er  
i samsvar med fråsegna frå Det faste utvalet for frø  
og økslingsmateriale innan jordbruk, hagebruk og  
skogbruk —

VEDTEKE DENNE FORORDNINGA:

*Artikkel 1*

I forordning (EF) nr. 930/2000 vert det gjort følgjande  
endringar:

1. I artikkel 4 bokstav b) skal andre leddet lyde:

«b) «nærskylde artar» skal ha den tydinga som er  
fastsett i vedlegget til denne forordninga.»

2. Vedlegget til forordning (EF) nr. 930/2000/EF vert bytt ut  
med teksta i vedlegget til denne forordninga.

*Artikkel 2*

Denne forordninga tek til å gjelde 20. dagen etter at ho er  
kunnjort i *Tidend for Den europeiske unionen*.

Ho skal ikkje nyttast på sortsnamn som søkjaren har lagt fram for den rette styresmakta til godkjenning før denne forordninga tek til å gjelde.

Denne forordninga er bindande i alle delar og gjeld direkte i alle medlemsstatane.

Utferda i Brussel, 1. august 2007.

*For Kommisjonen*

Markos KYPRIANOU

*Medlem av Kommisjonen*

---

## VEDLEGG

## «VEDLEGG

**Nærskylde artar**

«Nærskylde artar», slik det er nemnt i artikkel 4 bokstav b), skal ha følgjande tyding:

- a) Dersom det er fleire enn éin klasse innanfor ei slekt, skal lista over klassar i nr. 1 nyttast.
- b) Dersom klassane omfattar fleire enn éi slekt, skal lista over klassar i nr. 2 nyttast.
- c) Generelt vert ei slekt rekna som ein klasse når det gjeld slekter og artar som ikkje er omfatta av listene over klassar i nr. 1 og 2.

1. *Klassar innanfor ei slekt*

Klassar	Vitskapelege namn
Klasse 1.1	<i>Brassica oleracea</i>
Klasse 1.2	<i>Brassica</i> , bortsett frå <i>Brassica oleracea</i>
Klasse 2.1	<i>Beta vulgaris</i> — sukkerbete, förbete
Klasse 2.2	<i>Beta vulgaris</i> — raudbete, medrekna Cheltenham-bete eller bladbete
Klasse 2.3	<i>Beta</i> , bortsett frå klasse 2.1 og 2.2
Klasse 3.1	<i>Cucumis sativus</i>
Klasse 3.2	<i>Cucumis melo</i>
Klasse 3.3	<i>Cucumis</i> , bortsett frå klasse 3.1 og 3.2
Klasse 4.1	<i>Solanum tuberosum</i>
Klasse 4.2	<i>Solanum</i> , bortsett frå klasse 4.1

2. *Klassar som omfattar fleire enn éi slekt*

Klassar	Vitskapelege namn
Klasse 201	<i>Secale</i> , <i>Triticale</i> , <i>Triticum</i>
Klasse 203(*)	<i>Agrostis</i> , <i>Dactylis</i> , <i>Festuca</i> , <i>Festulolium</i> , <i>Lolium</i> , <i>Phalaris</i> , <i>Phleum</i> og <i>Poa</i>
Klasse 204(*)	<i>Lotus</i> , <i>Medicago</i> , <i>Ornithopus</i> , <i>Onobrychis</i> og <i>Trifolium</i>
Klasse 205	<i>Cichorium</i> og <i>Lactuca</i>

(\*) Klasse 203 og 204 er ikkje fastsette berre på grunnlag av nærskylde artar.»